



SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
FS	Formannskapet	25.02.2014	016/14
KS	Kommunestyret	09.04.2014	019/14

Arkiv: K2-N02

Arkivsaknr: 12/989-4

KOLLEKTIVSTRATEGI FOR HORDALAND - UTTALE

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

Kort om saka:

Hordaland Fylkeskommune har lagt Kollektivstrategi for Hordaland ut til høyring. Rådmannen tilrår hovudkonklusjonane med ein merknad om tiltak knytt behov og ønskje om kollektivsatsinga i vår kommune.

INNSTILLING TIL VEDTAK:

1. Øygarden kommunestyre sluttar seg i hovudsak til framlegg om Kollektivstrategi for Hordaland.
2. Øygarden kommunestyre har slik merknad: Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport til og frå Bergen, må avgangane aukast og ventetida ved overgang reduserast. Kapasiteten på bussane må vera tilstrekkeleg (ikkje ståplass). I tillegg må tilbodet på parkeringsplassar nært opp til dei kollektive knutepunkta Ågotnes, Straume - alternativt Kolltveit - byggjast ut. Fylkeskommunen må også vurderer etablera eit båtsamband frå Ågotnes til Bergen

25.02.2014 FORMANNSKAPET

Samrøystes tilråding i samsvar med innstillinga.

FS-016/14 VEDTAK:

Innstillinga vart tilrådd.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 09.04.2014

Fellesforslag frå kommunestyret:

1. Som i innstillinga
2. Øygarden kommunestyre har slik merknad:
 - Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport til og frå Bergen, må det særleg setjast inn fleire direktebussar til og frå, spesielt i pendlartida. Avgangane til og frå busstopp i Øygarden må aukast og ventetida ved overgang reduserast. Kapasiteten på bussane må vera tilstrekkeleg (ikkje ståplass). I tillegg må tilbodet på parkeringsplass nært opp til dei kollektive knutepunkta Ågotnes, Straume – alternativt Kolltveit – byggjast ut. Fylkeskommunen må også vurderer å etablera eit båtsamband frå Ågotnes til Bergen.
 - Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport må også avgangane til og frå busstopp i Øygarden aukast på kveldstid og i helgene. Mindre bussar bør setjast inn på strekninga mellom Ågotnes og Hellesøy med hyppigare avgangar.

Røysting: Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

KS-019/14 VEDTAK:

1. Øygarden kommunestyre sluttar seg i hovudsak til framlegg om Kollektivstrategi for Hordaland.
2. Øygarden kommunestyre har slik merknad:
 - Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport til og frå Bergen, må det særleg setjast inn fleire direktebussar til og frå, spesielt i pendlartida. Avgangane til og frå busstopp i Øygarden må aukast og ventetida ved overgang reduserast. Kapasiteten på bussane må vera tilstrekkeleg (ikkje ståplass). I tillegg må tilbodet på parkeringsplass nært opp til dei kollektive knutepunkta Ågotnes, Straume – alternativt Kolltveit – byggjast ut. Fylkeskommunen må også vurderer å etablera eit båtsamband frå Ågotnes til Bergen.
 - Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport må også avgangane til og frå busstopp i Øygarden aukast på kveldstid og i helgene. Mindre bussar bør setjast inn på strekninga mellom Ågotnes og Hellesøy med hyppigare avgangar.

for rådmannen (e.f.)

Rådmann/Einingsleiar:

Sakshandsamar:

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.02.2014	KollektivstrategiSkyssHoyring-2014-01-07.pdf	129855

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Forvaltningslova
- Lov om offentlegheit i forvaltninga

Saksopplysningar:

Høyringsbrev

Kommunen har motteke slikt høyringsbrev frå Hordland fylkeskommune 12.02.14:

Samferdselsavdelinga i Hordland fylkeskommune sender med dette Kollektivstrategi for Hordaland ut til høyring.

Bakgrunn

Som ansvarleg for kollektivtransporten har fylkeskommunen ei viktig og utfordrande oppgåve med å utvikle kollektivtilbodet i tråd med politiske vedtak. Kollektivstrategi for Hordaland skal vise korleis fylkeskommunen vil arbeide for å nå nasjonale og regionale mål for kollektivtrafikken. Utgangspunktet er dei nasjonale og regionale måla om betydeleg vekst i kollektivandelen dei komande tiåra. Den framtidige trafikkveksten i Bergensområdet treng gode kollektive løysingar. Kollektivstrategien skal gi retning for tilbudsutviklinga i vekstområda. Samstundes skal strategien vere grunnlag for korleis kollektivtilbodet skal vere attraktivt og tenleg for innbyggjarane i heile fylket.

Kollektivstrategien skal legge grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar og vere styringsdokument for Skyss sitt arbeid med utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Det er ein ambisjon at kollektivstrategien skal vere eit innspelsdokument til andre planar og prosessar, også på kommunalt og statleg nivå.

Kollektivstrategien er utarbeidd som del av oppfølging av Regional transportplan for Hordaland 2013-24. Kollektivstrategien har ikkje status som regional plan etter plan- og bygningslova.

Dokumentasjon og fagleg grunnlag

Det er gjennomført fleire delprosjekt for å skaffe dokumentasjon og fagleg grunnlag for arbeidet. Ein viktig del av prosessen har vore involvering på politisk nivå og med samarbeidspartar i stat, kommune og operatorar. Det er arrangert fagseminar, etablert samarbeidsfora og fleire fagetatar og fagmiljø har medverka i arbeidet. Rapportar og presentasjonar frå arbeidet er samla på nettsida www.hordaland.no/kollektivstrategi.

Handlingsprogram

Kollektivstrategien vil etter vedtak bli følgd opp gjennom eit handlingsprogram, kopla mot budsjettprosessar og andre relevante planprosessar. Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil i verksetje strategiane og konkrete prioriteringar i ein 4-5 års periode.

Politisk vedtak

Høyringsframlegget er politisk handsama i fylkesvalet 30.01.2014 (FUV sak 7/2014). Fylkesutvalet stiller seg bak framlegg til kollektivstrategi med følgjande vedtak:

1. *Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.*
2. *Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 11. april 2014.*
3. *Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtale grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, herunder infrastrukturanlegg i anbodsområda.*

Om høyringa

Hordaland fylkeskommune ber med dette om innspel til Kollektivstrategi for Hordaland. Alle som ønskjer å uttale seg har moglegheit til dette i samband med at saka vert lagt ut på fylkeskommunen sine heimesider knytt til dette arbeidet: www.hfk.no/kollektivstrategi.

Vi ber om at eventuelle synspunkt og merknader vert sende oss innan 11. april.

Kort bakgrunn

Kollektivstrategi for Hordland er utarbeidd med forankring i Regional Transportplan for Hordaland 2013- 2024 der kommunen også har delteke i prosessen og gav uttale til planframlegget. Kollektivstrategien tek utgangspunkt i den som skal reisa, og kva som må til for å få eit attraktivt kollektivtilbod. Vidare skal han vera fagleg grunnlag for prioritering av offentlege midlar til drift av kollektivtrafikken. Dokumentet skal gje Skyss mandat i arbeidet med å utvikla tilbodet i åra framover og vera det viktigaste styringsverktøyet i dette arbeidet.

Fylkeskommunen ønskjer at oppfølginga av strategien vil skje gjennom eige handlingsprogram, kopla mot budsjettprosessar og andre relevante planprosessar. Vidare ønskjer fylkeskommunen å definera tiltak i samarbeid med vegvesenet, kommunar og andre involverte partar.

Kollektivstrategi for Hordaland - samandrag

Det vert synt til hovuddokumentet. I innleiinga står dette punktwise samandraget:

Kollektivstrategien skal

- vere fagleg grunnlag for prioriteringar i fylkeskommunen
- bidra inn i planar og utgreiingar hjå kommunar og etatar
- gi Skyss mandat i arbeidet med utviklinga av tilbodet

Skyss vil utvikle det beste tilbodet der flest reiser ved å

- styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane
- utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett
- vidareutvikle stamlinjene i Bergen
- utvikle regionale stamlinjer i Bergensområdet
- knyte regionane i fylket saman
- samordne offentleg transport i tynt befolka områder

Skyss vil tilby enkle reiser ved å

- gjere det enkelt å finne relevant informasjon om reisa
- gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne
- auke kunnskapen om kollektivreiser
- gjere kollektivtrafikken synleg i det offentlege rom
- heve kvaliteten på knutepunkt og haldeplassar

Skyss vil tilby effektive reiser gjennom

- å minimere stoppetid på haldeplass
- infrastrukturtiltak som får bussen fram
- restriktive tiltak for biltrafikken
- kollektivorientert byutvikling

Skyss vil sørge for miljøvenleg drift gjennom

- å sikre låge utslepp frå busstrafikken
- å redusere miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken
- å vere pådrivar for forskning og fagleg utvikling

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Miljøkonsekvensar:

Kollektivstrategien legg opp til miljøvennleg drift for å sikra låge utslepp frå busstrafikken og redusera miljøbelastning frå båt- og ferjetrafikken. Samstundes vil Skyss vera ein pådrivar for forskning og fagleg utvikling.

Folkehelseperspektiv:

Auke i bruk av kollektivtrafikk vil redusera bilbruk. Dei fleste som tek buss, må gå til busshaldeplassen. Ein gevinst?

Vurdering og konklusjon:

Som det går fram av dokumentet, vert det gitt best tilbod der flest reiser, noko som er naturleg. Dette betyr at dei perifere områda vert mindre tilgodesett. Fleire tilbakemeldingar tyder på at ikkje alle omleggingane i områda vest for Bergen siste året har gitt eit tilfredstillande tilbod for dei reisande til og frå Øygarden. Det har vore for dårleg frekvens, fulle bussar, mange skifte av buss og ventetid mellom skifta. Samla sett har dette for mange gitt ei unødig lang reisetid. Dette må bli betre skal fleire velja kollektivtransport i vårt distrikt.

Kollektivstrategien vil samla sett kunna gje eit løft for kollektivsatsinga i dei mest befolka områda i Bergensregionen. Dette er viktig totalt sett for samfunnsutviklinga.

Skal fleire frå Øygarden velja kollektivtransport til og frå Bergen, må avgangane aukast og ventetida ved overgang reduserast. Kapasiteten på bussane må vera tilstrekkeleg (ikkje ståplass). I tillegg må tilbodet på parkeringsplassar nært opp til dei kollektive knutepunkta Ågotnes, Straume - alternativt Kolltveit - byggjast ut.

Fylkeskommunen må også vurdera etablera eit båtsamband frå Ågotnes til Bergen. Dette har kommunestyret nedfelt i vedteke strategisk analyse for næringsutvikling (desember 2013).